

---

Saksnr: 2021/2704-13  
Saksbehandlar Bekka Skaasheim  
Dato: 30.09.2021

---

---

**Til:** Hovudutval for opplæring og kompetanse  
Yrkesopplæringsnemnda

---

**Frå:** Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse

---

## Covid-19 og statlege tilskot

Avdelingsdirektøren legg i dette notatet fram eit oversyn over statlege midlar tildelt fylkeskommunen. Dei statlege midlane er ei vidareføring av tiltak som følgje av COVID-19 og nye tiltak i 2021. Fylkeskommunane har hatt høve til å overføre tildelte midlar frå 2020 til 2021.

Tabell I: Oversyn statlege og fylkeskommunale tiltaksmidlar

Tilskot	Overført frå 2020	Midlar 2021	Fordelt 2021	Rest til fordeling
Tilskot til tiltak for lærlingar		12 555 000	3 710 000	8 845 000
Tilskot til tiltak for lærlingar	7 042 000	18 833 000		25 875 000
Fullføring årets avgangskull	16 639 036	18 100 000	6 368 600	23 370 436
Sårbare barn og unge		8 117 832	5 180 538	2 937 294
Fagbrev på jobb	2 973 100	5 100 000		8 073 100
Permitterte og ledige utan fullført vidaregåande opplæring	32 945 000	31 700 000		64 645 000
Yrkesfagleg rekvalifisering		5 700 000		5 700 000
Fullføringstiltak*	12 200 000			128 000
Psykisk helse*	20 000 000			2 999 000

\*Fullføringstiltak og psykisk helse er fylkeskommunale løyving.

### Omtale ulike tiltak.

#### Tiltak for lærlingar 1

Målet med ordninga er å gi opplæringskontor og bedrifter høve til å gjennomføre gode tiltak lokalt for lærlingar og læreandidatar. I samarbeid med representantar for opplæringskontor og i sak i yrkesopplæringsnemnda er kriteria for tildeling 2021:

- Forlenging av lære- og opplæringskontrakter.
- Stimuleringsmidlar til godkjente bedrifter som tek over lærlingar frå andre bedrifter.

- Tilskot til lærebedrifter som tek inn ein ekstra lærling/lærekandidat.
- Til utprøving av søkarar med ulike utfordringar for å få lære plass/opplæringsplass.

### Tiltak for lærlingar 2

Tiltak skal rettast mot søkarar til lære plass utan tilbod. Vg3 fagopplæring i skule er eitt av tiltaka og fylkeskommunen har oppretta 8 klassar med vg3 fagopplæring i skule. Vidare må midlane rettast mot individuell oppfølging og opplæring for søkarar i fag der det ikkje er grunnlag for å etablere egne klassar. Dette må vere «skreddarsaum» tilpassa den enkelte med mål om å få ein lære plass.

### Auka fullføring i årets avgangskull.

Tiltak for at avgangselevar og andre skal fullføre. Nokre tiltak er intensive over kortare tid - andre går over halve eller heile skuleåret:

- Forsterka intensiv opplæring før NUS-eksamen for avgangselevar - haust - 20 og haust -21.
- Styrking av opplæring i praktiske fag der elevane har mista verkstad/laboratorietimar grunna smittesituasjonen.
- Tiltak for avgangselevar som stod i fare for å ikkje få bestått standpunkt- og/eller eksamenskarakter våren 2021.
- Forsterka undervisning i vg1/vg2-fag med mykje svake karakterar for dei som er avgangselevar 2021 og 2022.
- Styrking av norskopplæringa for minoritetsspråklege.
- Intensiv opplæring i praktiske programfag for vg2-elevar som slit med å få lære plass, t.d. grunna manglande verkstadundervisning.

### Sårbare barn og unge

Tiltak for sårbare elevar. Skular med mykje smittetilfelle vart prioritert våren -21. For hausten -21 søker skulane midlar ut frå behov :

- Tiltak for å styrke arbeidet rundt elevar som står i fare for å falle ut av skulen av ulike årsaker (mykje fråvær grunna sjukdom, angst, låg meistringskjenne o.l.) Døme på tiltak kan vere styrka bruk av miljøkoordinatorar eller andre støttepersonar i periodar.
- Styrking av tiltak i regi av skulen utanom ordinær skuletid - t.d. «Open skule» med sosiale aktivitetar, leksehjelp, fysisk aktivitet osv.
- Bruk av språkassistent eller anna styrking av tilbod for elevar med svake norskkunnskapar.
- Styrke opplæring/støtte i bruk av digitale verktøy og læremiddel, t.d. for elevar som har svak digital kompetanse, eller svak/manglande digital tilgang/nett i heimen.

### Fagbrev på jobb

Tilskotet på 5,1 mill. kr finansierer allereie godkjende kontraktar. I tillegg vart 5 mill. kr overført frå tiltak for permitterte og ledige. Ved å styrke med desse 5 mill. kr er det godkjent 36 nye kontraktar. Ordninga fagbrev på jobb er også del av fylkeskommunen si forvaltning av midlar til bedriftsintern opplæring (BIO midlar). Gjennom denne ordninga er det teikna 19 kontraktar.

Til ordninga fagbrev på jobb er permitterte arbeidstakar, eller i fare for å bli permitterte, prioritert.

### Permitterte og ledige utan fullført vidaregåande opplæring

Fylkeskommunen har i samarbeid med NAV etablert «Grip sjansen». Det har vist seg vanskeleg å rekruttere til tiltak for permitterte gjennom denne ordninga medan det er registrert om lag 350 i målgruppa. Aktuelle kandidatar får rettleiing og ei kartlegging av kva som skal til for å fullføre vidaregåande opplæring.

Kriterium for å vere deltakar er at ein manglar fag frå vidaregåande opplæring og ikkje har ungdoms- eller vaksenrett.

Våren 2021 vart det gjennomført forkurs i digitale ferdigheiter og studieteknikk i samarbeid med Sotra vgs. Det har vist seg vanskeleg å rekruttere til tiltak for permitterte gjennom denne ordninga sjølv om det er registrert om lag 350 i målgruppa. Til saman vart det sendt ut tilbudsbrief til 118 ulike kandidatar (fleire fekk tilbod til begge forkursane).

Planlegginga for hausten viste at det var grunnlag for å tilby undervisning for dei ulike faga som gir generell studiekompetanse («6 pack-faga»). Dette vart planlagt saman med vaksenopplæringa på Bergen Katedralskole og hadde oppstart i slutten av august. Totalt 129 deltakarar starta opp.

På yrkesfaga har det ikkje vore mange nok kandidatar til å starte opp gruppeundervisning i dei ulike programfaga. Det er ulike behov når det kjem til kva den enkelte treng, og det er stort spenn i erfaringsbakgrunn og kor mykje praksis dei har. Det vert utarbeidd tilbod til den enkelte, t.d. eksamensførebuande arbeid. Det er deltakarar frå yrkesfaga barne- og ungdomsarbeidarfag, IKT servicefag og kjemi og prosess.

### Yrkesfagleg rekvalifisering

Dette er tiltak som skal rettast mot «*Personar med omstillingsbehov som allereie har studie- eller yrkeskompetanse med mål om varig tilknytning til arbeidslivet. Også dei som ikkje er motivert for høgare utdanning. Mogeleg å starte på ny yrkeskompetanse (fleire fagbrev)*»

Det har vist seg å vere vanskeleg å identifisere aktuelle kandidatar. Avdelingsdirektøren har dialog med representantar for opplæringskontor, NAV og Karriere Vestland for å identifisere kandidatar i målgruppa.

### Oppsummering

Statlege midlar som er tilført fylkeskommunen som følgje av COVID-19 og Utdanningsløftet 2020 er vidareført i 2021.

Fleire av tiltaka vil vere del av fullføringsreforma og dei rettar som ny opplæringslov vil gi ungdom og vaksne.

Det er viktig at fylkeskommunen arbeider med implementering av fullføringsreforma parallelt, vurderer og ser dei ulike tiltaka i samanheng.